
Fra: Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>
Sendt: 16. november 2016 16:05
Til: Postmottak Lindås
Emne: Førspurnad om gamle sakspapir

Hei!

Eg viser til telefonsamtale, og bed om hjelp til å få tak i nokre gamle sakspapir frå 1972 (ev. 1971?) i Lindås kommune. Det gjeld frådelingssaka då Dyrkolbotn Leirskule (bnr 10) vart utskilt frå felles utmarka mellom gnr 247 bnr 1 og 2 i Dyrkolbotn.

Eg har fått tak i skyldskiftet vårt (for bnr 10), som er tinglyst 27.12.1972. Men eg får ikkje ut av Kartverket dei hjelpedokumenta som låg ved denne skylddelinga (Kanskje deira hjelpedokument er makulerte).

Bak på skyldskiftet er notert fylgjande:
Vedlegg 1: Hordaland landbruksselskap
Vedlegg 2: Skriv fra Lindås jordstyre
Vedlegg 3: Skriv fra Lindås bygningsråd
Vedlegg 4: Skriv fra friluftsnemnd
Vedlegg 5: Søknad fra Olai Dyrkolbotn

Eg bed om kopiar av desse papira, + eventuelle saksførelegg, dersom det framleis finst i kommunen. Eventuelt kan nokon andre hjelpa meg?

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn
Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og gjestehus Telefon 90 68 01 00